



Nynorsk kultursentrum

Hordaland fylkeskommune

24 MAR 2017

Tilskotsytarar 2016

Vår ref.: 232-148 OG

Hovdebygda, 22. mars 2017


Årsmelding og rekneskap 2016

Nynorsk kultursentrum fekk i 2016 viktige tilskot frå mange kommunar og fylkeskommunar som hadde mykje å seie for arbeidet vi utførte og resultata vi oppnådde. Vi takkar!

Alle tilskota er brukte i samsvar med føresetnadene frå tilskotsgivarane. Årsmelding og rekneskap 2016 gir detaljert informasjon om alle delar av drifta. Alle dei viktigaste måla blei nådde, både kulturfagleg og økonomisk. Institusjonen veks og treng eit trygt driftsgrunnlag. Ved å auke marknadsinntektene har vi også auka eigenkapitalen til over fire millionar. Dermed kan vi handtere dei skiftingane i resultat som ein må rekne med over tid.

Til og med 2016 har vi hatt tilstellingar i 167 kommunar over heile landet. Svært få nasjonale kulturinstitusjonar kan vise til noko liknande. Den mentale sentraliseringa som pregar samtida, gjer det endå meir krevjande enn før å drive ein nasjonal kulturinstitusjon utanfor hovudstaden. Det gjer støtta frå kommunane og fylkeskommunane ekstra verdfull.

Vi gir gjerne utfyllande informasjon og ser fram til vidare godt samarbeid!

Med venleg helsing
Nynorsk kultursentrum

Ottar Grepstad
direktør

Vedlegg
Årsmelding og rekneskap 2016

Mottakarar

Møre og Romsdal fylkeskommune
Hordaland fylkeskommune
Ørsta kommune
Volda kommune
Ulvik herad
Vinje kommune
Vågå kommune
Lom kommune
Skjåk kommune